



NISSEDAL KOMMUNE  
Treungvegen 398  
3855 TREUNGEN

Saksbehandlar, innvalstelefon

Lars Gustavsens, 33371152

## Statleg kontroll av om arealdelen til kommuneplanen for Nissedal (2021-2032) er lovleg vedteke - varsel om mogleg oppheving som følgje av inhabilitet

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark har mottteke ei oppmoding om ei statleg vurdering av om vedtatt arealdel til kommuneplan for Nissedal er lovleg, jf. brev av 04.02.2022 frå Ole A. Ramlet. Det er kravd at delar av kommunestyret sitt vedtak av 25.03.2021 vert kjent ugyldig som følgje av feil i saksbehandlinga. Det er både peikt på manglande medverknad/openheit og inhabilitet. Påstanden gjeld områda hvor ordføraren er grunneigar - BRU12 og BFR37. Statsforvaltaren meiner at det kun er grunn til å sjå nærare på påstandane som gjeld inhabilitet.

Tilgangen til å gjennomføre statleg kontroll av om eit vedtak er lovleg er heimlet i kommunelova kapitel 27. I utgangspunktet kan minst tre kommunstyrerepresentantar krevje slik kontroll. Dersom «*særlege grunner*» tilseier det, kan Statsforvaltaren på eige initiativ kontrollere om vedtaket er lovleg. Det er opp til Statsforvaltaren å vurdere om slik kontroll skal skje på eige initiativ. Ifølgje rundskriv frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet skal terskelen for statleg kontroll likevel være høg.

Statsforvaltaren har i dette høvet vurdert å ta saka opp til statleg kontroll av eige tiltak. Det er lagt vekt på at det ikkje er ordinær klagerett på kommunale vedtak om kommuneplan. Statleg kontroll etter kommunelova kapitel17 er derfor den einaste forvaltningsrettslege tilgangen til å prøve påstandane om inhabilitet. Det er også lagt vekt på at det vil styrke tilliten til kommuneplanprosessen dersom Statsforvaltaren gjennomfører ein rettsleg prøving og uavhengig kontroll av om vedtaket har blitt til på ein lovleg måte. Det faktum at ordførar er forslagsstillar, og at det ikkje er klagerett på vedtaket, utgjer etter Statsforvaltaren sitt syn «*særlege grunner*» som tilseier at saka blir teke opp til statleg kontroll.

Det er sette fram ein rekke påstandar om mogleg inhabilitet ved behandlinga av dei aktuelle områda. For det første er det peikt på at ordførar har spilt ein aktiv rolle i prosessen, og at det kan verke som om spesielt området BRU12 – massetak har fått svært lite omtale i høyringsrundane. Det er vidare påstått at to representantar i kommunestyret, som vedtok kommuneplanen, kan ha tette bånd inn mot selskapet Kjell Asbjørn Solberg AS. I ettertid har det vist seg at dette selskapet skal drifte massetaket, og dagleg leiar har etablert eit nytt selskap saman med ordførar for å bygge fritidsbustader på BFR37.



Statsforvaltaren har tidlegare skrive til kommunen i saka, jf. brev av 11.02.2022 med vedlegg. Kommunen svara på førespurnaden i brev av 08.03.2022. Statsforvaltaren har dessuten skrive til de aktuelle representantane, og motteke svar frå begge.

Som følgje av mulig feil i saksbehandlinga vurderer Statsforvaltaren å oppheve den delen av kommunestyret sitt vedtak som gjeld BRU12 og BFR37.

For det første vurderast mogleg inhabilitet for representantane Marianne Vrålstad og Linda Solberg. Statsforvaltaren synar til forvaltningsloven § 6 andre ledd, som lyder:

*«Likeså er han ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet, blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i en sak kan innebære en særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har en nær personlig tilknytning til. Det skal også legges vekt på om ugildhetsinnsigelse er reist av en part.»*

Grunnene for mogleg inhabilitet overfor Vrålstad og Solberg er i hovudsak oppsummert i Statsforvalteren sine brev til dei av 05.05.2022 og 03.05.2022.

For det andre er det grunn til å reise spørsmål ved om kommunen i tilstrekkeleg grad har gjort greie for om det kan vere utfordringar med habiliteten som følgje av ordføraren sin rolle som part i saka, jf. forvaltningslova § 6 andre ledd. Sjølv om ordføraren har erklært seg inhabil gjennom heile saksgangen, er det viktig at også administrasjon og andre folkevalde er bevisste på sin uavhengigheit og gjer seg nokon tankar om korleis ordføraren sin rolle i saka ser ut frå utsida. I slike høve er det særst viktig med notoritet. Blant anna bør det framgå av saksbehandlinga at kommunen har vert seg bevisst problemstillinga og eventuelt vurdert om det burde vert nemnt opp settekommune.

Statsforvaltaren gjer kommunen høve til å komme med kommentarer til det ovannemnte så raskt som mogleg, og seinast innan 15.07.2022.

Med helsing

Per Arne Andreassen (e.f.)  
direktør i Justis- og vergemålsavdelingen

Lars Gustavsen  
ass. direktør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Linda Solberg	Treungvegen 257	3855	TREUNGEN
Halvor Homme	Homme 78	3855	TREUNGEN
Ole Andreas Ramlet	Heimdalsvegen 308	3855	TREUNGEN
Marianne Vrålstad	Treungvegen 272	3855	Treungen